



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

| | |
|----------------------|-----------------------------------|
| Organisasjonsnummer: | 980 992 934 |
| Organisasjonsform: | Stiftelse |
| Foretaksnavn: | STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL |
| Forretningsadresse: | Havnavegen 1 5419 FITJAR |

Regnskapsår

| | |
|-------------------------|-------------------------|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2021 - 31.12.2021 |
|-------------------------|-------------------------|

Konsern

| | |
|-----------------------|-----|
| Morselskap i konsern: | Nei |
|-----------------------|-----|

Regnskapsregler

| | |
|--|------------------------------------|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|--|------------------|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Ellinor Bergesen |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 29.03.2022 |

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 18.08.2023



Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|--|---------------|------------------|----------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Salsinntekter | 5,6,7,8 ,9 | 1 009 283 | 983 527 |
| Sum inntekter | | 1 009 283 | 983 527 |
| Kostnader | | | |
| Varekostnad | | 0 | 15 997 |
| Lønnskostnad | 1 | 852 149 | 693 013 |
| Annan driftskostnad | 2,4 | 181 098 | 158 542 |
| Sum kostnader | | 1 033 247 | 867 552 |
| Driftsresultat | | -23 964 | 115 975 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna renteinntekt | | 732 | 991 |
| Sum finansinntekter | | 732 | 991 |
| Annan rentekostnad | | -52 | |
| Sum finanskostnader | | -52 | |
| Netto finans | | 784 | 991 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | -23 180 | 116 966 |
| Ordinært resultat etter skattekostnad | | -23 180 | 116 966 |
| Årsresultat | | -23 180 | 116 966 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|------|---------|---------|
| BALANSE - EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Immaterielle egedelar | | | |
| Sum anleggsmiddel | | 0 | 0 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varer | | | |
| Krav | | | |
| Andre krav | | 2 165 | 1 933 |
| Sum krav | | 2 165 | 1 933 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 630 171 | 610 255 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 630 171 | 610 255 |
| Sum omløpsmiddel | | 632 336 | 612 188 |
| SUM EIGEDELAR | | 632 336 | 612 188 |
| BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Selskapskapital | 3 | 453 908 | 477 088 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 453 908 | 477 088 |
| Sum eigenkapital | | 453 908 | 477 088 |
| Gjeld | | | |
| Langsiktig gjeld | | | |
| Pensjonsplikter | | 1 375 | 1 375 |
| Sum avsetjingar for plikter | | 1 375 | 1 375 |
| Anna langsiktig gjeld | | | |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|----------------------------------|-------------|----------------|----------------|
| Sum langsiktig gjeld | | 1 375 | 1 375 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Forsluddstrekk | | 52 043 | 34 881 |
| Arbeidsgiveravgift | | 14 952 | 14 329 |
| Feriepenger | | 110 058 | 84 515 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 177 053 | 133 725 |
| Sum gjeld | | 178 428 | 135 100 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 632 336 | 612 188 |



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2022 198425

Enheten

Organisasjonsnummer: 980 992 934
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL
Forretningsadresse: Havnavegen 1
5419 FITJAR

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Ellinor Bergesen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 29.03.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 02.05.2022



Organisasjonsnr: 980 992 934
STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL

RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|--|---------------|------------------|----------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Salsinntekter | 5, 6, 7, 8, 9 | 1 009 283 | 983 527 |
| Sum inntekter | | 1 009 283 | 983 527 |
| Kostnader | | | |
| Varekostnad | | 0 | 15 997 |
| Lønnskostnad | 1 | 852 149 | 693 013 |
| Annan driftskostnad | 2, 4 | 181 098 | 158 542 |
| Sum kostnader | | 1 033 247 | 867 552 |
| Driftsresultat | | -23 964 | 115 975 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna renteinntekt | | 732 | 991 |
| Sum finansinntekter | | 732 | 991 |
| Annan rentekostnad | | -52 | |
| Sum finanskostnader | | -52 | |
| Netto finans | | 784 | 991 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | -23 180 | 116 966 |
| Ordinært resultat etter skattekostnad | | -23 180 | 116 966 |
| Årsresultat | | -23 180 | 116 966 |



Organisasjonsnr: 980 992 934
STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL

BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|------|----------------|----------------|
| BALANSE - EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Immaterielle egedelar | | | |
| Sum anleggsmiddel | | 0 | 0 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varer | | | |
| Krav | | | |
| Andre krav | | 2 165 | 1 933 |
| Sum krav | | 2 165 | 1 933 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 630 171 | 610 255 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 630 171 | 610 255 |
| Sum omløpsmiddel | | 632 336 | 612 188 |
| SUM EIGEDELAR | | 632 336 | 612 188 |
| BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Selskapskapital | 3 | 453 908 | 477 088 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 453 908 | 477 088 |
| Sum eigenkapital | | 453 908 | 477 088 |
| Gjeld | | | |
| Langsiktig gjeld | | | |
| Pensjonsplikter | | 1 375 | 1 375 |
| Sum avsetjingar for plikter | | 1 375 | 1 375 |
| Anna langsiktig gjeld | | | |
| Sum langsiktig gjeld | | 1 375 | 1 375 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Forsluddstrekk | | 52 043 | 34 881 |
| Arbeidsgiveravgift | | 14 952 | 14 329 |
| Feriepenger | | 110 058 | 84 515 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 177 053 | 133 725 |



| | | |
|---------------------------|---------|---------|
| Sum gjeld | 178 428 | 135 100 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 632 336 | 612 188 |



Organisasjonsnr: 980 992 934
STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

1

Tal på årsverk i regnskapsåret
3.00

Note

1

Spesifisering av resultatregnskapen

Lønnskostnader

| | | |
|--------------------------|--------------|------------------|
| <u>Lønn</u> | <u>Årets</u> | <u>Fjorårets</u> |
| | 719807.00 | 584422.00 |
| <u>Folketrygdavgift</u> | <u>Årets</u> | <u>Fjorårets</u> |
| | 100722.00 | 82403.00 |
| <u>Pensjonskostnader</u> | <u>Årets</u> | <u>Fjorårets</u> |
| | 31621.00 | 26188.00 |

Note

Ekstraordinære inntekter og kostnader

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets



FRIVILLIG
TILJAN
SENIN



Økonomi: Dette året har midlar til frivilligsentraler frå Kulturdepartementet blitt overført til kommunane, som øymerka tilskot. Fitjar kommune bevilga eit lite tilskot som ein av medstifterane. Sentralen er fullfinansiert gjennom innsøkte prosjektmidlar og gåver frå blant anna lokale kraftlag, bankar og små tilskot frå medstifterane og tilskot frå Kulturdepartementet. Korleis tildelinga av departements-midlane blir framover skal bestemast i neste års arbeid med statsbudsjettet. Norges frivilligsentraler arbeider politisk for frivilligsentralane for å få til ei permanent ordning. Fitjar Frivilligsentral er medlem i Norges Frivilligsentraler, som er ei interesseorganisasjon for oss, med eigen administrasjon.

Styret: Hovedstyret har teke attval og det er Hrafn Thorsteinsson som er leiar (frivillig representant), Angunn Bårdsen nestleiar (politisk oppnemnt representant). Så er det Odd Bondevik som er styrerepresentant (frivillig), Sigrunn L. Eiken er styrerepresentant (frivillig) og Geirmund Aga som styrerepresentant (og frivillig). Styret har 2 vararepresentantar. Dette er Ragnhild Helle Aarskog(1.vara) og Lilli Ann Drønen (2.vara).

Tilsette: Ellinor Austad Bergesen innehar full stilling som dagleg leiar.

Joanna Przygocki er tilsett som leiar for Ope hus for ungdom frå prosjektmidlar frå Bufdir i inntil 20% stilling i tillegg.

Kurt Samuelson starta i juni for 1 års-vikariat , 30% stilling i plass for å avlasta Ellinor A.Bergesen , som i same periode går inn prosjekt-arbeid for Fitjar Kommune. Det var behov for å forsterka ressursane . Dette er frå innsøkte midlar frå Bufetat. Så til saman er det no 1,5 stilling i sentralens arbeid frå juni 2021 – juni 2022.

Samarbeid kommune/frivilligsentral

Neste samarbeidsavtale skal forhandlast før 31.12.2023 😊



(arkivfoto frå tidl badevaktkurs)

Badetilbod i Fitjar 2021

Offentleg bading har vore underlagt Fitjar Idrettslag i langt over 25 år, men frivilligsentralen har teke seg av sertifisering, opplæring og koordinering av dette tilbodet frå tidleg år 2000.

A: Havnavn.1
5419 Fitjar
I: +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
Org.Nr.:980 992 934

Møte mellom mennesker



2021 har bydd på utfordringar i høve restreksjonar, men vi har klart å ha mykje ope mellom òg. Dette til stor glede for dei som liker å nytta seg av bassengtilbodet. Det er skjermte time for born med foreldre inntil 10 år, og tilbod for dei over 10. Til slutt eit tilbod for vaksne eller alle dei som ønskjer å symje utan hopp og stup den siste timen. Det er kun vipps som er lagt inn som betaling her, og overgangen frå kontant til vipps har gått greitt.

Trim/turgrupper

Ei lita turgruppe går tur kvar fredag frå parkeringsplassen ved Sportellet i Fitjar. Eit sporty ektepar tek seg av organiseringa og bestemmer rutetrase. Tilbodet er tilpassa alle som vil gå ein tur i flotte turområder saman med andre.

Lag og organisasjonar

Ein har hatt fleire kontaktpunkt inn mot lag og organisasjonar enn tidlegare, på grunn av forsøket med fritidskortet. I tillegg har vi engasjert fleire lag inn mot ope hus for ungdom, for å visa tilboda vi har.

FRITIDSKORTET-pilotprosjekt i 12 mnd

Fitjar kommune har fleire gonger fått avslag på søknad om forsøk med fritidskortet. Men så søkte Fitjar, Stord og Bømlo saman om å vera pilotkommunar. Dette vart innvilga og vi var klar til å setja dette i drift august/september 2021 for 1. halvår. Prøveperioden var satt frå 1.juni 2021 til 30.juni 2022

Ellinor Austad Bergesen vart spurt om å vera med som koordinator i Fitjar i dette arbeidet, og etter samtykke frå styret og innleige av meir ressurar på kontoret, var dette ein realitet i juni.

Seinare oppstart enn planlagt av ulike grunnar, men arbeidet med å få lag og organisasjonar til å registrera sine tilbod for bruk av fritidskortet kom kjapt i gong. Det var stor interesse for å registrera inn men ein del arbeid med å få alt på plass slik at foreldra kunne ta i bruk fritidskortet som betaling til medlemskontigent m.v.

284 familiar registrerte seg som brukarar av fritidskortet i løpet av 2021, men ikkje alle nytta seg av det som betalingsmiddel. Vi veit ikkje kvifor- om det er lagene som var seint ute med kontingentar, eller at pandemi-restriksjonar satte ein dempar. Vi lyktes ikkje med å få dei forventa 460 brukarane i første runde.

Kommunane vart samde om å nytta noko av midlane til ein aktivitetsportal som kunne nyttast seinare – med ein aktivitets/og arrangementkalender. Det var anbudsrunde for fleire reklamebyrå, men Zpirit reklamebyrå vann denne runden og har gjort ein god jobb med å realisera «Aktivitetforalle.no» Vi har no eit flott utgangspunkt i å få syna fram lag og organisasjonar i Fitjar, ikkje berre i målgruppa 6-18 år som gjeld fritidskortet, men òg seniorar, m.fl.

Ein har i forsøksperioden hatt jamnlege møtar mellom pilotkommunane i Sunnhordland, men òg andre kommunar som er innvilga pilotperiode likt som oss. I statsbudsjettet vidare frå 2022, er ikkje ordninga med fritidskortet vidareført, men det vil bli høve for kommunane å søkje om ordningar med fritidskortet. Da vil dette ikkje vera eit tilbod som gjeld alle, men dei som har behov for det. I Fitjar er det eit tjuetals familiar som er rekna som låginntektsfamiliar, - der mange av desse hadde høve til å nytta seg av fritidskortordninga for sine born.

A: Havnavn.1
5419 Fitjar
T: +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
Org.Nr.: 980 992 934

Møte mellom mennesker



Forsøksordninga går fram til sommaren 2022.

TILSYNSVAKTER Fitjar Kultur og Idrettsbygg

Det var tilsynsvakter ved Fitjar kultur og idrettsbygg i perioden januar – juni 2021. Da slutta og ein del av vaktene som hadde vore med i lang tid. Periodevis var det litt stopp og permitteringar av vaktene, men det var aktivitetar på huset.

Etter sommaren lyktes det ikkje å rekruttera nok nye vakter til å starta opp igjen. Etter mange rundar med brukargruppene fram mot jul i håp om å få nok vakter, måtte ein til slutt pause heile ordninga, da det var for få vakter til å dela dette på.

Ein ser at det lett kan bli hærverk og uro når det ikkje er vakter. Vi trur at pandemi-restriksjonar og sein oppstart for bruker-gruppene er litt av årsaka til at vi ikkje har lukkast i å rekruttera nye vakter-, utan at vi veit sikkert.

Nettverksarbeid

Arbeid i ein frivilligsentral er som oftast veldig einsamt, og da er det godt med faste nettverksmøter med andre frivilligsentralar som er i nærleiken. For vår del er det naturleg å samarbeida med alle sunnhordlandssentralane og vi møtes som oftast 3 gonger i året rundt i nettverksområdet (går på rundgong). Vi har vore heldige å møttes så ofte vi kan, siste møtepunkt var i Ullensvang seinhaust 2021 der vi tok samlinga over 2 dagar.

Vi er enige om å samhandla i frivilligåret 2022 med ulike aktivitetar, blant anna ein sykkeltur og aktivitetsdag som skal gå Noreg på langs. Hos oss blir dette 28.juni 2022.

Matombering til eldre heimebuande

Fitjar kommune har eige kjøken ved Fitjar bu og behandlingssenter (sjukeheimen), som produserer mat til bebuerane på Havnauset bu og servicesenter og Fitjar Bu og behandlingssenter, samt tilbod til eldre heimebuande eller mennesker som har utfordringar som gjer at dei treng dette. Frivilligsentralen har frivillige som frakter desse middagane til private heimar rundt om i kommunen. Dette er ei god ordning, -men vi ser at det blir færre eldre som er brukarar. Dei frivillige får dekka kjørekostnader pr. km, og sjølvsgatt personforsikra gjennom sentralen.

Kaffistund

Sentralen har organisert kosestund med kaffi, underhaldning, konkurransar m.v. i mange tiår ved Havnauset Bu og servicesenter. Ved nedstenging 12.mars 2020 vart dette tilbodet satt på pause og vart ikkje forsøkt satt i gong før etter jul 2021, med eit unntak for 1 samling på våren 2021. Personalet gav uttrykk for at dei syns det var for tidleg i pandemiforløpet å sleppa dette laust og var ikkje komfortable med at frivillige kom inn og lagde denne stunda. Ny pause fram til hausten 2021 da ein satte i drift gruppene som igjen gjorde besøk med kosestund og kaffi i november. Dette var svært vellukka og kjærkomment og ser at bebuerane lyste opp av besøket.

A: Havnavn.1
5419 Fitjar
T: +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
Org.Nr.:980 992 934

Møte mellom mennesker



Det er laga ny plan for 2022, men vi er usikre på korleis dette blir framover. I ein så lang nedstenging av eit tilbod, er det stor fare for å mista dei frivillige og at ein brukar mykje energi på å bygge opp motivasjonen til å fortsetja. Dette gjeld fleire tilbod som frivilligsentralen har hand om.

Vaksinering og pandemi -frivilligsentralen sitt bidrag

I starten av pandemien Covid-19, vart frivilligsentralen spurt om å bistå kommunen med fleire oppgåver ved hjelp av frivillige.

Nokre av oppgåvene var kortvarige, slik som å vera vertskap under influensavaksinering, men vaksine for covid-19 har vara i snart 1 år. Sentralen har hatt 2-4 frivillige 1-2 dagar i veka i denne perioden, og dei frivillige har vore gode og viktige ressursar for dette arbeidet.

Dei som bidratt som til dømes vaksinevertskap har hatt vakter på 7-8 timar pr. dag,- berre imponerande! Blide, trivelege folk som har gitt av seg sjølv til den dugnaden !

Mobilitet/Living lab-prosjekt:

Dagleg leiar i frivilligsentralen har vore med og jobba for at kommunen skal søkja om midlar til hentebuss. Dette på bakgrunn av at Fitjar har svært høgt antal bilar som kjører gjennom sentrum gjennom døgeret, og høgt utslepp av klimagassar. Ein har fokus på meir miljøvennleg transport og mindre bruk av bil gjennom sentrum inn mot fritidsaktivitetar. Kommunen har driv i dette og avtroppande rådmann er primus motor i dette arbeidet vidare. Prosjektet vert halde varmt i ei arbeidsgruppe , mens det vert søkt om fullfinansiering og bemanna med prosjektleiar før ein set i gong med dette, -truleg hausten 2022. Frivilligsentralen si rolle er i så fall å forsøka å innarbeida andre rutinar blant lag og organisasjonar når det gjeld mobilitet. Frivilligsentralen ønskjer i denne samanheng å samhandla med folkebiblioteket, som har ei viktig rolle i fitjarsamfunnet og som folket sluttar opp om. Dette er eit spennande prosjekt, som heile fitjarsamfunnet bør stå saman om. For at det skal bli ei endring, må folk bevisstgjera og ha eigarskap til mindre klimagassutslepp og vera med å bryta mønster ut frå eigen overbevisning og ikkje ved tvang.

Aktive Saman:

Besøk frå elevar/sosial aktivitet

Første del av året var dette eit lukka kapittel grunna pandemien.

I oppstarten av nytt skuleår og fram til desember, har elevane besøkt 7 brukarar og gleda med små, koselege kvardagsinnslag. Ungdommane er veldig motiverte for desse besøkene og vi gler oss over ei «luk» i pandemien som gjorde dette mogleg for dei som fekk tilbodet. I starten av desember vart besøkene frå skule-elevane igjen stoppa, og ein er usikker på når tid dette skal kunne starte opp att. Tilbodet i Aktive Saman følgjer skuleruta, men avsluttes ved påske.

Elevane får tett oppfølging av faglærarane på skulen samt avdelingsleiar. Frivilligsentralen koordinerer inn mot bueingane og brukarane.

A: Havnavn.1
5419 Filjar
T: +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
Org Nr.: 980 992 934

Møte mellom mennesker

Godtrim/fallførebyggjande trening for eldre

Fallførebyggjande trening for eldre har vore gjennomført med gode smitteverntiltak gjennom stort sett heile året med deltakerar i aldersgruppa 70-92 år. Antalet har variert, men det er ei kjerne på 8-10 deltakerar.

Øvingar for store muskelgrupper med målsetjing om auka styrke og balanse. Vi gjennomfører øvelsane med stol og strikkar som hjelpemiddel i øvingane, for å skapa tryggleik og meistring. Deltakerane har delteke i gjentakande øvelsar som er gjenkjennelege for oppfatning i hjernefunksjon og muskulatur, og ein ser gode resultat av tilbodet. Dagleg leiar i frivilligsentralen har vore frikjøpt gjennom prosjektmidlar Aktive Saman for å vera instruktør.



Måltidsfellesskap

Dette er det 3.tilbodet under paraplyen Aktive Saman og ein viktig brikke til god alderdom og helse i Fitjar! Stor variasjon i oppmøte/påmelding til dette. Har berre 8 faste brukerar, og variabelt opp til 19 har møtt opp og støtta opp om tilbodet. Frivillige henter maten, dekker på/pynter bord og serverer samt rydder. Ein viktig ressurs i viktig og bra tilbod i Fitjar. Det er ikkje berre einslege eldre som kan komma, par kan og melda seg til å eta saman med andre og komma seg litt ut. Svært god mat frå «sjukeheimen» sitt kjøken. Ordninga skal fortsetja i 2022, men med litt endra fokus på litt fagleg påfyll , kåseri eller anna i forkant. Ein



må òg annonsera tilbodet meir.

Følgje, transport og anna

Det har naturleg nok vore færre spørsmål etter følgje, men vi har gjennomført nokre få følgje med munnbind til dei frivillige og pasientane, med vellukka resultat. Dei frivillige følgjer stort sett i ein drosje.

A: Havnavn.1
5419 Fltjar
I: +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
Org.Nr.:980 992 934

Møte mellom mennesker



Utkjøring av strøsand til eldre

Gjennom vinteren utlyses utkjøring av strøsand til eldre heimebuande over 70 år gjennom heimeside/annonse til Fitjar Kommune. Dette er for dei som ikkje sjølv er i stand til å henta strøsand. Dette i kommunen sine annonser – og folk blir oppmoda om å melda seg på ei ordning hos frivilligsentralen . Da engasjerer vi frivillige som kjører ut ei bøtte strøsand, og i nokre tilfeller strør dei litt. Vi har per i dag 18 brukarar. Dei frivillige får dekka køyreutgifter gjennom Fitjar kommune.

Lindrande behandling

Frivilligsentralane i Stord, Fitjar og Bømlo var samla til møte ved «Ida-posten» ved sjukehuset Stord for å sjå nærmare på moglegheit for å setja inn frivillig innsats som eit supplement til folk som ønskjer å bu heime i ei siste livsfase i staden for å vera på sjukehus. Dette kan vera små oppgåver. Med godt samarbeid mellom tenestene i det offentlege og frivilligsentralane kan ein setja ned team kring pasientar som er komen i ei siste livsfase . Teamet vil samhandle kring pasientane, og om mogleg setja inn frivillige til å avlaste, eller løysa små og store oppgåver. Dette gjeld mykje dei pasientgruppene som er einslege, og som ikkje har eigen familie som kan hjelpa. Dr. Med Odd Jarle Kvamme og avdelingsleiar ved Ida-posten ved sjukehuset på Stord leier dette prosjektet framover .Så langt har det ikkje vore førespurnad om slik hjelp, men vi har rekruttert 2-3 personar som kan tenka seg dette.

Ope hus for ungdom

Tilbodet for aldersgruppe frå 8.klasse og oppover med såkalla ope hus har vore ope gjennom året, men òg mykje stengt grunna korona-restriksjonar. Dei har hatt matkveldar med Fitjar bygdekvinnelag, spelt badminton med idrettslaget sitt badminton-tilbod, hatt ein liten karatekveld med karateklubben. Dei har òg så vidt hatt eit lite møte med friidrettsgruppa , der alle fekk tilbod om å prøva aktivitetar. Nytt på ope hus i haust er eit utvida tilbod med Fitjar Folkebibliotek , med ulike speletilbod. Vi har vore heldig å få inn ein ungdom som hjelper oss i dette arbeidet, og som har kunnskap om dette frå før. I tillegg er det som før, open idrettshall med tilbod om ulike aktivitetar. Ungdommane får frukt eller andre ting når dei er på ope hus. Dette er sponsa av Fitjar kraftlag ,midlar frå Sparebanken Vest og Haugaland Kraft. Veldig populært med frukt. Bakekveldar, bingo, nissekveld med graut og andre små aktivitetar har vore

A: Havnavn.1
5419 Fitjar
T: +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
Org.Nr 980 992 934

Møte mellom mennesker

tilbydd . Det har vore stor variasjon i oppmøte på ope hus, noko vi trur skuldast at vi i pandemien ikkje har hatt lov å ha ope heile tida og da fell nokre frå. Det blir og korte kveldar for nokre som bur i krinsane, da bussforbindelsa ikkje er den beste på kvelden. Det har vore akkurat nok foreldrevakter, for tryggleik og trivsel.



Her er bilder frå spel i biblioteket, bingo samt matkveld med bygdekvinnelaget.

NrK TV-aksjonen 2021



Årets tema fenga og fekk mange til å lage kreative arrangement, der ein samla inn pengar.

Vi fekk igjen lov å gå frå dør til dør med fysiske bøsser, noko vi var svært glade for. 55 fitjarbuer var ute og samla inn. I tillegg vart det samla inn store beløp frå bedrifter gjennom ein bedriftsstafett, det var halde kveldasete ved Øvrebygda skule med stort innsamlingsbeløp. Barneskulen i Dåfjord hadde arrangement og tente inn pengar og hadde gjort ein fin innsats i høve tv-aksjonen. Rimbareid skule hadde kantinesal til inntekt til tv-aksjonen og sendte inn . Kyrkjekollekten gjekk og til tv-aksjonen, med eit anseeleg beløp , så fitjarbuen gav nok mange gonger, mange stader 😊

Fitjar bidrog med eit høgt gjennomsnittstal pr innbyggjar på heile 102,92 ! Dette gav Fitjar status som ein av dei beste gjevarkommunane i Hordaland! Her er det hjartevarme og gjevarglede!

Innsamlingsdagen var svært våt og kald, så det var heilt på sin plass med kaffi og kake i rådhuset etter endt runde med innsamlingsbøsser, og drøs med ordføraren ! Yngste bøssebærar var 1 år og eldste 92.



Pilotkommune for utprøving av Fritidskortet

Etter fleire søknadsavslag fekk Fitjar Kommune innvilga å vera forsøkskommune for Fritidskortet saman med Stord og Bømlo. Denne pilotvarianten for fritidskortet er den einaste i sitt slag, men det er 14 forsøkskommunar

A: Havnavn.1
5419 Fltjar
T: +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
Org.Nr.:980 992 934

Møte mellom mennesker

i Norge. Forsøket med Fritidskortet er initiert av Barne- og familiedepartementet, men med BUFDIR som lyser ut og tildeler. I følge fritidsklæringa skal alle barn ha rett til ei fritidsaktivitet, og ordninga er spesielt retta mot lavinntektsfamiliar, -men i prøveordninga var retta med alle born og unge i denne aldersgruppa . Svært bra! Dagleg leiar ved frivilligsentralen vart spurt om å vera koordinator for Fitjar, og vera med si arbeidsgruppe. Arbeidet med å få registrert inn arrangørar av eit organisert fritidstilbod vart satt i gong i august månad og fritidskort-ordninga var klar til bruk med Aktiv Fritid, m/firma Smart Cognitions som leverandør av digital plattform.

Samarbeid med reklamebyrå på Stord, for å vidareutvikla ordninga til ein aktivitetsskalender og arrangementoversikt i samarbeid med leverandør. Første milepæl i november der aktivitetsskalender med aktuelle fritidstilbod vart lansert. Deretter var arrangementkalenderen ferdigstilt til bruk i desember/januar. Første halvår av prøveprosjektet hadde eit potensiale på ca 400-460 born i Fitjar, men litt over 280 familiar registrerte seg som brukarar. Alle born og unge i alderen 6-18 år har høve til å bruka fritidskortet med inntil kr 1000,- pr.barn pr.halvår til ein organisert fritidsaktivitet som ligg på tilbodet aktivitetforalle.no

Det var rundt 230 som hadde brukt kortet 1.halvår Dette trur vi skuldast at ordninga ikkje vart godt nok kjent , og dessutan var fleire lag og organisasjonar seint i gong med aktivitetane, grunna pandemi og restreksjonar i høve denne. Frivilligsentralen fekk tilført midlar til blant anna til å løna ein vikar i inntil 30% stilling i 1 år, for å avlasta arbeidsoppgåver.

I sum har frivilligsentralen periodevis brukt mykje tid både med møter, kurs, tiltrettelegging, telefonar , m.v. for dette pilotprosjektet.

Når stadsbudsjettet for 2022 vart kjent, vil ikkje prøveordninga fortsetja i same form , men kommunar vil kunne søkja midlar til fritidsaktivitetar for lavinntektsfamiliar frå hausten 2022 gjennom Bufdir.

Pilotperioden blir gjennomført fram til sommaren 2022, og avvikla i denne form . Vi vil da forhåpentlegvis stå igjen med ein aktivitets- og arrangementskalender for desse 3 kommunane, som er verdt å vidareføra.



Seniorkino og eldredag

Det har vore arrangert nokre få seniorkinoar. Det var ikkje ordinær eldredag dette året.



Drøftingsgruppe /tilskotstgruppe

Tverretatleg gruppe som ser på moglegheit til å søkja om midlar til ulike aktivitetar i både frivilligsentral og kommune. Møtest ca kvar tredje månad, alt etter kva fristar som er. Arbeidet har tilført oss viktig kunnskap

A. Havnavn.1
5419 Fitjar
T. +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
Org.Nr :980 992 934

Møte mellom mennesker

mellom dei ulike etatane i kommunen, og resultert i eit litt tettare samarbeid enn før.



Frivilligprisen 2021 og førjulsamling

Kriteria for tildeling av Frivilligprisen i Fitjar:

”Prisen skal gå til ein initiativrik person, lokal foreining eller gruppe, som med sine idear og pågangsmot har betra trivsel og livskvalitet for andre, og bidrege til eit meir ope, aktivt og trygt samfunn”.

Frivilligprisen 2021 vart tildelt Maj Britt Sandtorv og Rune Brakedal for deira frivillige innsats i fleire tiår i bygda. Dei har bidratt med frivillig arbeid spesielt mykje inn i idrettslaget, men òg på alle områder der ein har etterspurt frivillige hender ved arrangement og dugnadsarbeid. To svært verdige vinnarar.



bilde av prisvinnerane: Maj Britt og Rune

Frivilligprisen vart utdelt ved etterlengta samkome for dei frivillige/førjulsfest i Fitjar Kultur og Idrettsbygg sin kultursal. Ordførar delte ut prisen og haldt ein god og riktig tale til både. Prisvinnerane fekk ein plakett som synleg bevis på frivilligprisen 2021. Denne var produsert av Helland CNC i børsta stål som veggoppheng.

Under førjulsamlinga var det servert godt koldtbord frå Fitjar Fjordhotell, kaffi og kaker som var laga av styret og dagleg leiar. Underhaldning med minikonsert av Marie Kristine Dale frå Bergen. Dale har ei god merittliste og har blant anna motatt Spelemannsprisen i tidlegare år. I tillegg til song og gitarspel, hadde Dale måla eit maleri til frivilligsentralen som vart overrekt. Dale gav uttrykk for å vera takknemleg for å få lov å spela igjen og møta publikum, så dette var første konsert etter starten på pandemien i Norge.

Dette vart ei god samling for dei frivillige, samarbeidspartar og alle som var til stades. Ein har ikkje hatt høve til å møtast fysisk i så stor forsamling før no, og det gjorde godt.

Styret overrekte og dagleg leiar ein oppmuntring i form av ein plakett som bevis og takksemd for innsatsen hennar i frivilligsentralen gjennom mange tiår. Teksten var inspirert av tidlegare frivilligprisvinnarar og dei frivillige vart det sagt.

Oppsummert

Trass ein pågåande pandemi som er svært kjedeleg å bli utsatt for, har frivilligsentralen hatt ei sentral rolle i

A: Havnavn.1
5419 Fltjar
T: +4797143785

Web: fitjar.frivilligsentral.no
C o g. N r : 980 992 934

Møte mellom mennesker



hjelpearbeid/supplement i pandemien. Det er samhandla med helse og mange etatar, og mange har stilt opp for å vera med på å løysa ulike arbeidsoppgåver. Sentralen har bidratt med fleire årsverk frivillig arbeid meir enn det som hadde vore normalt for ein pandemi-, så det har ikkje vore stille og stengt hos oss. Det er imponerende kva dei frivillige har stilt opp med! Mange verbale roser til våre flotte frivillige- tusen takk!

Januar 2022
Ellinor Austad Bergesen
Dagleg leiar

Møte mellom mennesker

A: Havnøvn.1
5419 Filjar
T: +4797143785

Web: filjar.frivilligsentral.no
Org.Nr.:980 992 934



| RESULTAT | | 2021 | |
|--|--------------------------------|---------------------------|----------------------|
| STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL | | 10.03.2022 Side 2 av 4 | |
| | | 2021 | 2020 |
| Inntekter | | | |
| | NOTE | | |
| 3110 | KULTUR-KIRKEDEPT.-TILSKOT | 5 | -468 000,00 |
| 3120 | KOMMUNALE TILSKOT | 6 | -5 000,00 |
| 3125 | Tilskot Medstifterar | | -16 000,00 |
| 3140 | STØTTE UNGDOMSARBEID | 7 | -85 000,00 |
| 3160 | ANDRE INNTEKTER | 8 | -28 505,00 |
| 3164 | GRASROTIDLAR | | -30 608,05 |
| 3165 | Prosjekt-tilskot | 9 | -392 170,00 |
| Sum Inntekter | | | -1 009 283,05 |
| Varekostnad | | | |
| 4010 | INNKJ.MATERIALER ELLER VARER | | 15 997,00 |
| Sum Varekostnad | | 0,00 | 15 997,00 |
| Lønnskostnad | | | |
| 5010 | LØNN TIL ANSATTE | | 633 661,50 |
| 5020 | FERIEPENSER | | 86 145,18 |
| 5030 | PENSJON (utg.for FFVS) | | 31 621,00 |
| 5040 | PENSJONSTREKK | | 26 188,00 |
| 5410 | ARBEIDSGIVERAVGIFT | | 89 189,77 |
| 5420 | ARBEIDSGIVERAVGIFT AV FERIEP. | | 11 531,81 |
| Sum Lønnskostnad | 1 | 852 149,26 | 693 013,09 |
| Andre driftskostnader | | | |
| 6210 | LEIE LOKALER | | 34 730,00 |
| 6270 | RENHOLD | | 525,30 |
| 6450 | INVENTAR | | 9 697,00 |
| 6510 | Vedl.h. maskinar/serviceavtala | | 15 126,00 |
| 6610 | REVISJONSHONORAR | 2 | 12 348,00 |
| 6710 | KONTORREKVISITA | | 5 025,24 |
| 6750 | TRYKKSAKER | | 1 217,50 |
| 6810 | TELEFON | | 9 696,95 |
| 6850 | PORTO | | 588,00 |
| 7010 | BILGODTGJØRELSE OPPGAVEPLIKTIG | | 3 429,56 |
| 7050 | REISEUTG./OVERNATTING | | 9 132,64 |
| 7070 | DIETTKOSTN.IKKE OPPGAVEPLIKTIG | | 307,00 |
| 7090 | Andre transportutgifter | | -2 000,00 |
| 7110 | SERVERING | | 35 091,05 |
| 7310 | ANNONSER | | 8 216,46 |
| 7340 | KURSUTGIFTER | | 2 500,00 |
| 7350 | UNGDOMSARBEID | | 4 483,40 |
| 7510 | FORSIKRINGSPREMIER | | 9 964,00 |
| 7780 | BANK-OG KORTGEBYRER | | 813,50 |
| 7790 | ANDRE KOSTNADER | 4 | 20 513,24 |
| Sum Andre driftskostnader | | 181 097,84 | 158 541,55 |
| Driftsresultat | | 23 964,05 | -115 975,50 |
| Finansposter | | | |
| 8070 | ANDRE RENTEINNTEKTER | | -732,00 |
| 8170 | ANDRE RENTEKOSTNADER | | -52,00 |
| Sum Finansposter | | -784,00 | -991,00 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 23 180,05 | -116 966,50 |



RESULTAT

2021

STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL

Side 3 av 4

NOTE

| | | |
|--|------------------|--------------------|
| Skattekostnad på ordinært resultat | | |
| Sum Skattekostnad på ordinært resultat | 0,00 | 0,00 |
| Ordinært resultat | 23 180,05 | -116 966,50 |
| Ekstraordinære poster | | |
| Sum Ekstraordinære poster | 0,00 | 0,00 |
| Årsresultat | 23 180,05 | -116 966,50 |
| Overføringer og disponeringer | | |
| 8980 OVERFØRT TIL EGENKAPITAL | | 116 966,50 |
| 8990 OVERFØRT FRA EGENKAPITAL | 3 | -23 180,05 |
| Sum Overføringer og disponeringer | -23 180,05 | 116 966,50 |
| Ikke disponert | 0,00 | 0,00 |



BALANSE

2021

STIFTINGA FITJAR FRIVILLIGSENTRAL

10.03.2022 19:03:51
Side 5 av 5

| | NOTE | 2021 | 2020 |
|---|----------|--------------------|--------------------|
| Eiendeler | | | |
| Kortsiktige fordringer | | | |
| 1590 Andre fordringar | | 2 165,40 | 1 933,00 |
| Sum Kortsiktige fordringer | | 2 165,40 | 1 933,00 |
| Andre omløpsmidler | | | |
| 1730 Forskudd lønn | | -0,06 | -0,06 |
| Sum Andre omløpsmidler | | -0,06 | -0,06 |
| Kontanter og bankinnskudd | | | |
| 1920 BANK | | 250 362,77 | 265 745,53 |
| 1935 BANKKONTO SKATTETREKK | | 43 412,00 | 29 417,00 |
| 1940 BANK GRUNNKAPITAL | | 17 812,94 | 17 803,94 |
| 1950 Gåvekonto | | 318 582,99 | 297 288,92 |
| Sum Kontanter og bankinnskudd | | 630 170,70 | 610 255,39 |
| Sum Eiendeler | | 632 336,04 | 612 188,33 |
| Egenkapital Og Gjeld | | | |
| Egenkapital | | | |
| 2000 EGENKAPITAL | 3 | -453 908,50 | -477 088,55 |
| Sum Egenkapital | 3 | -453 908,50 | -477 088,55 |
| Langsiktig gjeld | | | |
| 2100 Pensjons- trekk | | -1 374,99 | -1 374,99 |
| Sum Langsiktig gjeld | | -1 374,99 | -1 374,99 |
| Forskuddstrekk o.l | | | |
| 2610 FORSKUDDSTREKK | | -43 212,01 | -28 857,01 |
| 2690 SKYLDIG ARB.G.AVGIFT FERIEP. | | -10 242,17 | -6 675,36 |
| 2691 Trekk fagforeningskontingent | | 1 411,64 | 651,64 |
| Sum Forskuddstrekk o.l | | -52 042,54 | -34 880,73 |
| Skyldig offentlige avgifter | | | |
| 2770 SKYLDIG ARBEIDSGIVERAVGIFT | | -14 951,55 | -14 328,78 |
| Sum Skyldig offentlige avgifter | | -14 951,55 | -14 328,78 |
| Andre kortsiktige gjeldsposter | | | |
| 2910 Gjeld til ansatte | | -995,00 | -995,00 |
| 2940 FERIEPENGER | | -109 063,46 | -83 520,28 |
| Sum Andre kortsiktige gjeldsposter | | -110 058,46 | -84 515,28 |
| Sum Egenkapital og gjeld | | -632 336,04 | -612 188,33 |

Fitjar 21.03.2022

Sigmund Eichen

Lilli Eichen (Eichen)

Ragnhild Hella Furuskog
Edd Bar



NOTER

FITJAR FRIVILLIGSENTRAL Årsrekneskap 2021

Rekneskapsprinsipper

Rekneskapen er utarbeida etter rekneskapslova. God rekneskapsskikk for små føretak er nytta.

Note 1 - Lønnskostn./tal tilsette, godtgjersler m.m.

| Lønnskostnader m.m. | 01.01.-31.12.2021 | 01.01.-31.12.2020 |
|-----------------------|-------------------|-------------------|
| Lønningar, inkl. f.p. | 719 807 | 584 422 |
| Arb.gjevaravgift | 100 722 | 82 403 |
| Andre pers.kostnader | 0 | 0 |
| Pensjonskostnader | 31 621 | 26 188 |
| Refusjon sjukep. | 0 | 0 |
| Ref.arb.gjevaravgift | 0 | 0 |
| Lønnskostnader | 852 149 | 693 013 |

Antal tilsette i 2021: 3

| Godtgjersle | Dagleg leiar | Styre |
|------------------|----------------|----------|
| Lønn | 549 640 | 0 |
| Pensjon | 31 621 | |
| Anna godtgjersle | 0 | 0 |
| SUM | 581 261 | 0 |

Frivilligsentralen har dagleg leiar i 100 % stilling. Denne blir ivaretatt av Ellinor A. Bergesen. I tillegg har frivilligsentralen hatt 20 % stilling til Ope Hus i store deler av året og ca. 30 % stilling til avlastning dagleg leiar i forbindelse med Fritidskortet for Fitjar kommune. Det er etablert pensjonsordning i Gjensidige for dagleg leiar.

Note 2 - Revisjonshonorar

| | |
|-----------------------------|--------|
| Revisjonshonorar 2021 | 12 348 |
| Herav erklæring til Bufetat | -4 035 |

Note 3 - Egenkapitalen

| | |
|-------------------------------|----------------|
| Egenkapital 01.01.2021 | 477 088 |
| Årets underskot | -23 180 |
| Egenkapital 01.01.2022 | 453 908 |

Note 4 - Andre kostnader

Diverse årsavgifter, gaver, julehelsing til frivillige, musikk frivilligfest 2019, kontingenter, etc. I tillegg er det kostnadsført kr 64.000 i gaver til jul til personar i Fitjar med barn/ungdomar. Disse gåvene er finansiert av overføring frå Haugaland Kraft, som er inntektsført på denne konto. I samråd med NAV overleverte vi gavekorta til dei, for å ivareta anonymitet til mottakerane.



NOTER

Note 5 - Kultur-Kirkedep.-Tilskot

Overføring frå Fitjar kommune, øremerka midlar frå KUD kr 448.000. Resten, kr 20.000 er kommunal grunnfinansiering.

Note 6 - Kommunale tilskot

Kulturmidler frå Fitjar Kommune, kr 5.000

Note 7 - Støtte ungdomsarbeid

Støtte frå Sparebankstiftelsen SR-Bank og Sparebanken Vest til ungdomsarbeid.

Note 8 - Andre inntekter

Kundeutbytte Sparebanken Vest og Gjensidige, samt gåva frå Fitjar Kraftlag, alm.nyttige formål og gåva frå Fitjar Pensjonistlag.

Note 9 - Prosjektilskot

Ulike prosjektilskot (koronamidlar) frå Fitjar kommune, blant anna "Aktiv saman" prosjekt.

Fitjar 21/3-22:



RSM Norge AS

Til styret i Stiftinga Fitjar Frivilligsentral

Hatlandsmyro 9 Servicebygget, 5412 Stord
Pb 1291, 5406 Stord
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 53 40 99 80
F +47 53 40 99 81

Uavhengig revisors beretning

www.rsmnorge.no

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Fitjar Frivilligsentrals årsregnskap som viser et underskudd på kr 23 180. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2021, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD
AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS is a member of the RSM network and trades as RSM. RSM is the trading name used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices in its own right. The RSM network is not itself a separate legal entity in any jurisdiction.

RSM Norge AS er medlem av/sa member of Den norske Revisorforening.



Revisors beretning 2021 for Stiftinga Fitjar Frivilligsentral



Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Stord, 21. mars 2022
RSM Norge AS

Marth Eitarvåg
Statsautorisert revisor